



KYRKJEBÅD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1-2

Januar/Februar 1981

35. årg.

Helsing frå den nye res.kap. i Vaksdal:

Kjære ukjende vener!

Sokneprest Steinnes har bede meg om ei helsing til Kyrkjebladet, og det vil eg gjerne. Då vil eg først svara på eit spørsmål som eg har skjøna fleire har bore på, og som elles er naturleg for mange: Kvifor sokte eg nett Vaksdal, og eit res.kap. embete? Utan vidare å seia at det var eit kall kan eg vel knapt. Slik det er i vår kyrkja, sokjer me kall me kan tenkja oss, og i alle høve dei som sokjer både fem og ti kall før dei får noko, kan vel ikkje kjenna utnemningi som eit

serleg kall. Det er vel rettare å seia at me har eit ålment prestekall til å tena Gud og vår neste i prestetenesta, og at me elles gjerne sokjer ei prestestilling som ei vanleg stilling, ut frå personlege ynskje og føresetnader. Ei anna sak er det at me kan vona og be om at me trass i ein heller byråkratisk utnemningsmåte, kan koma ein stad der Gud vil ha oss, og bruka oss. Og so kan me etter kvart få det serlege kallet gjennom tenesta i kyrkjelydane.

Framhald side 5

Fyrste bispevisitas i Vaksdal prestegjeld

Når biskop Thor With den 5. — 8. mars kjem på vitjing til Vaksdal, vert det den fyrste visitas i Vaksdal prestegjeld. Siste gong det var vitjing var i 1963 i det gamle Bruvik prestegjeld. Det var då som kjent ei anna inndeling enn no. Bruvik høyrdé då til, men ikkje Flatekval og Nesheim. Vaksdal prestegjeld vart oppretta i 1968.

Sjå side 3.



Olav Fjøse:

Hurra for boskøyrraren!

Men på same måte tenkjer eg i grunnen også når eg bed til Jesus, anten det er i kyrkja eller heime. «No kjem eg til deg, Jesus, med alt boset inni meg. Og du tek det på skuldrene dine og ber det bort og kastar det i gløymselens hav. Eg er ferdig med det for alltid. Takk for det, Jesus!»

Det hender at eg gløymer å bera ned boset: om torsdagskvelden. Stundom er eg bortreist, og får det ikkje vekk av den grunn. Og så hopar det seg opp. Serleg er det vanskeleg i den varme årstida. Det tek til å lukta. Ikke kan eg ha det inne, men ikkje ute heller.

Så har eg prøvt å grava ned det som luktar verst. Men takk skal du ha! Der kjem hundane og grøv det opp att. Og kråkene og skjorene hjelper til. Det hjelper ikkje om boskøyrraren er aldri så trufast, om ikkje eg passar på at han får boset.

Slik er det med boset inni meg og. Dersom eg let noko liggja, utan at eg får det frå meg, blir det åndeleg lukt av det. Eg fungerar ikkje så enkelt lenger. Eg misser kontakten med nokon. Dei held seg frå meg og eg frå dei.

Det hjelper ikkje om Jesus bosberar er aldri så trufast, om ikkje eg passar på å levera boset frå meg ved gudstenesta i kyrkja eller ved bøna heime.

«Han bar syndene våre på lekamen sin opp på krosstreet, så vi skulle døy bort frå syndene og leva for rettferda, og ved hans sår har de fått lækjedom.» 1. Pet. 2,24.

Det er med glede eg ber bosspannet ned til veggen om torsdagskvelden. På fredag formiddag kan eg bera det tomt opp att. Eg har blitt kvitt alt sørpelet.

Eg tenkjer på at boskøyrrarane burde me visa meir takksemd i samfunnet fordi dei utfører ein så samfunnsgagnleg gjerning, på same måte som f.eks. vegarbeidarane. Korleis skulle me kunna leva utan desse arbeidsgruppene?

For lite kjenner me ofte til den arbeidsbelastning som boskarane har. Eg veit at dei ofte får forkalkingar i skulderpartiet fordi dei har den ein-sidige lempinga. Andre blir rett og slett forgifta av gassar ved bosbrenning. Eg veit at eg ikkje har akta dei høgt nok for sin innsats.

Boskøyrraren minner meg stadig om Jesus. Ikkje slik at han preikar for meg direkte, men slik at han preikar for meg ved arbeidet sitt.

Når eg ber spannet nedover bakken, tenkjer eg: «Kor godt at nokon tek bort skiten for meg! No er eg for alltid ferdig med alt dette. Eg ser aldri dette filleret igjen.»

KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Magne Steinnes

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle
og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammervik.
Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.
Bladpengar kr. 15,00 for året.

Eksped. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S
5610 Øystese. — Tfn. 55045

førerels framlegg vil vitjinga starta i Bergsdalen kl. 10.00 torsdag med felles skule- og familiegudsteneste. Vidare vert det gudstenester på Nesheim og Eidsland på fredagen og på Vaksdal på laurdagen. Sjølv visitasgudstenesta vert den 8. mars kl. 11.00 i Dale kyrkje. Det vert etterpå kyrkjekaffi i kantina på Dale fabrikker.

Prosten i Hardanger og Voss Augun Østtvit vert med under heile visitasen. Sjølv om det har vore kort tid å førebu opplegget for visitasen, er det frå både kommune og skulehald vist stor velvilje. Dette lover godt for fine visitasagar. Så får det vera vår bøn at den djupaste meinings med desse dagane nemleg å vekkja og styrke det kristelege livet, må få koma fram.

M. S.

Program for bispevisitas i Vaksdal 5.—8. mars:

Torsdag 5. mars:

Kl. 10.00. BERGDALEN KYRKJE. Familiegudsteneste. Skuleborna vert med.

Kl. 12.00. DALE KYRKJE. Skulegudsteneste for Dale folkeskule. Dale Ungdomsskule og Stanghelle skule.

Kl. 13.00. Lærarmøte på Ungdomsskulen.

Kl. 18.00. VAKSDAL KYRKJE. Familiegudsteneste. Skuleborna vert med.

Fredag 6. mars:

Kl. 8.30 — 10.00. Omvising på Dale Fabrikker.

Kl. 11.00. EIDSLAND KYRKJE. Familiegudsteneste. Skuleborna vert med.

Kl. 13.00. NESHEIM KYRKJE. Familiegudsteneste. Skuleborna vert med. Kyrkjekaffi på Bergo skule etter gudstenesta.

Kl. 18.00. STAMNES KYRKJE. Familiegudsteneste. Skuleborna vert med.

Laurdag 7. mars:

Kl. 10.00. Felles soknerådmøte i Stanghelle bedehus. Kaffi.

Kl. 15.00. Vitjing på Vaksdal sjukeheim.

Kl. 17.00. Vitjing på Dale Aldersheim.

Kl. 18.00. Kontorvisitas.

BISPEVISITAS

Biskop Thor With kjem den 5.—8. mars på bispevisitas til Vaksdal. Det heiter i visitasprogrammet at visitasar til vanleg varer fra torsdag ettermiddag til søndag middag. Om prestegjeldet har mange kyrkjer og spreidde skulekrinsar kan visitasen ta til noko tidlegare og ta sundag ettermiddag med i programmet. Dette gjeld i høgste grad i Vaksdal pr. gjeld med sine 7 kyrkjer og visitasen vil difor vara heile 4 dagar til ende. Men så er det då også heile 18 år sidan biskop Juvkam vitja prestegjeldet sist det var visitas. Det heiter at det skal gå 6 år, men dette er ikkje mogeleg i dag og i særleg grad ikkje i dette bispedøme.

Biskopen ynskjer ved visitasen å gjera seg kjend med prestar og kyrkjelydar, og vonar å koma rundt i alle kyrkjelydane. Han tar serleg sikt på å koma i kontakt med born og skular, men det er og lagt opp med kontaktmøter med sokneråda, lærarar, institusjonar og industrivitjing. Etter eit

Søndag 8. mars:

Kl. 11.00. DALE KYRKJE. Visitasgudstene-ste. Visitasmøte. Kyrkjekaffi i Kantina til Dale Fabrikker.

Biskop Thor With, prost Augun Østtvit og sokneprest Steinnes vert med ved alle samvær.

UTDRAG AV VISITASREGLANE

Visitasreglementet er fastsett ved Kgl. res. av 23/7 1909 og 12/12 1930 og finst i Norsk Lovtidend.

1. Kvart prestegjeld skal visiterast minst ein gong kvart sjette år. Visitasen skal såvidt mogeleg leggjast til ei tid som er lagleg for kyrkjelyden.

2. Ved visitasen er det oppgåva for biskopen å gjera seg kjend med presten(ane) si embetsgjerning og med tilhøva i kyrkjelyden. Prestane skal ha høve til å leggja fram i personleg samtale det dei har på hjarta. Biskopen skal i rådlegging om dei ymse arbeidsgreiner, virke for samling av dei åndelege krefter i kyrkjelyden og prøve å vekkje og styrke det kristelege livet.

3. Biskopen skal sjå etter kyrkjebøker og andre embetsprotokollar og arkivet. Møtebok for sokneråda og protokollar og kart for kyrkjegarden skal også leggjast fram, likeins duplikatprotokoll der slik protokoll vert ført.

Soknepresten legg fram utdrag av statistikken for tida sidan siste visitas. Er det fleire prestar, skal tala frå dagsregistret først opp kvar for seg, men det bør skje på eitt skjema.

Kristen på skolen

Hjelp oss å skape gode, kristne miljøer blant studerende ungdom! Gi en gave til: Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag. Holbergs plass 4, Oslo I Postgiro 5 13 35 90 Bankgiro 1600 4964261

Sokneprest og sokneråd gjev melding om tilhøva i kyrkjelyden: om kristelege og moralske tilhøve, om heimane og barna, om ungdomen, om kyrkje og nattverdsøknad, om sundagsskular og ungdomsarbeid, om kristelege lag, arbeidet deira og soknaden til møta deira, om humanitære samskipnader og tiltak, om andre kyrkjesamfunn som arbeider i prestegjeldet osb. Soknerådet legg fram fråsegn frå to sakunnige, oppnemnde av rådet, om kvar kyrkje og kyrkjegard. Desse siste skal ligge føre til soknerådmøtet. Visitasmeldinga og statistikken skal sendast inn på førehånd.

4. Alle gudstenester vert haldne til vanleg kyrkjetid når ikkje anna er sagt. Ved gudsteneste på ein kvar dag vel predikanten teksta si sjølv. Til barnegudstenesta ber ein inn barna i folkeskulen og eventuelt den høgre skulen, lærarane i kristendomskunnskap (gjerne andre lærarar og) og sundagsskulelærarane. Alle foreldre er velkomne. Soknepresten melder frå til skulestyret, så barna kan få fri skulen. Dagen vert rekna som skuledag for lærarane som møter til barnegudstenesta (skr. 21/10 1915). Samtalen med barna er serleg for elevar i storskulen, men dei mindre bør få vere med så langt plassen rekk. Samtalen med barna kan og haldast ved andre gudstenester enn barnegudstenesta. Også konfirmert ungdom kan etter avtale med biskopen innbydast til samtalen.

5. Til lærarmøtet vert innbedt alle lærarar og dei som arbeider i sundagsskulen. Foreldre og andre som har hug til å vera med, kan også bedast inn.

6. Til visitasmøtet vert til sagt soknepådsmedlemer, medhjelparar og kyrkeverje. Dei skal alle skrive under protokollen. Vidare vert innbedt medlemer i kommunestyret, skulestyret og barneværnsnemnd, lærarar i kristendomskunnskap, arbeidrarar i sundagsskulen og styremedlemer i kristelege og humanitære lag.

7. Kunngjering om visitasen skjer frå prekestolen, helst og i presse eller ved oppslag, alt etter som soknepresten finn det best. Tilseing og innbeding bør dessutan skje ved brev.

PROST FJOSE

Prost Olav Fjose vil i tida fram til 1. mars styra det ledige res.kap. embete i Vaksdal. Me er mykje glad for denne ordninga. Han har tidlegare vitja Vaksdal fleire gonger og skulle nok vera kjend av fleire. Dette gjeld ikkje minst Eksingedalen kor han hadde mange «oppdrag» under krigen. Etter at Fjose gjekk av som prost i Fana har han vore busett på Voss. Han har tidlegare vikariert både i Ulvik og Strandebarm før han kom til Vaksdal så noko kviletid har ikkje pensjonstida vore. Det kan leggjast til at han er aktivt med i NMS og Blå Kors også.

Me skulle nok gjerne sett at Fjose kunne ha vore i Vaksdal lenger, men frå 1. mars har han lova å hjelpe til på Voss kor dei vantar prest. Me vil samstundes takka så mykje for hjelpa her i Vaksdal.

Nyepresten

Den 5. desember vart Per Einar Sønnesyn utnemnd til ny residerande kapellan i Vaksdal etter Lofthus. Han kjem frå Grønnåsen prestegjeld i Tromsø, men er godt kjend i områda her hos oss. Dei har tidlegare vore prestefolk i Lindås, med bustad i Austrheim. Sjølv er han frå Hafslø i Sogn og kona Liv er frå Bergen. Dei har fire born. Etter det me skjønar studerar to av dei i Tromsø, ein er i ein kyrkjelyd i Lofoten som eittåring og yngste jenta skal byrja på gymnaset til hausten. Per Einar Sønnesyn er 48 år. Grønnåsen kyrkjelyd er eit nyutskild prestegjeld som Sønnesyn har vore med å byggja opp. Me skjønar at kyrkjebladet har hatt

eit stor oppgåve i dette arbeidet og han har lagt ned eit stort arbeid på dette. Me ynskjer familien hjarteleg velkommen til Vaksdal. Dette vert til sumaren.

Kjære ukjende — framhald frå side 1

Når eg søkte, og eg og huslyden gjerne ville til Vaksdal, var det m.a. fordi me har køyrt gjennom prestegjeldet mange gonger, og ytre sett kjänner og likar det. So har me slekt-folk på Voss og i Bergen, og me vil gjerne vera nær Austrheim, der me var i åtte år, og framleis er sterkt knyttet til. Folket i Vaksdal kjänner me berre litt til etter det me har hørt av andre, — men det høyrest bra ut! Men attåt dette tykkjer me det har lagt seg so vel til rettes for oss, at me vil gjerne sjå ei styring i det, midt i alt.

Når eg søkte etter so stutt tid, var det av di at dei her ikkje heldt det som var sagt om prestebustad. Me bur i eit altfor trøngt blokhusvære, og det gjorde at huslyden ikkje fekk den rette heimekjensla i eit heilt nytt og ukjent miljø, langt frå slekt og vener. Men sjølv Grønnåsen menighet har me funne oss vel til rettes i. Det er godt å ha gudstenesta i gymnastikk-salen her, og det er uventa lett å få kontakt med folk her ved kyrkjelege tenester og elles. Og eg er glad for at det ikkje er sjølvte tenesta eller tilhøvet til kyrkjelyden som gjer at me dreg. Og den storfelde naturi her nord vil nok lokka oss nord att, og, Av praktiske grunnar, og omsynet til te-nesta i kyrkjelyden her, har eg søkt om utsetjing med overtaking i Vaksdal til slutten av juni. Eg vonar det lagar seg, og at det i so fall ikkje er

til for mykje ulempa for sokneprest og kyrkjelydar der.

Når eg tenkjer på tenesta i Vaksdal, har eg same ynsket for den som for tenesta i andre kyrkjelydar: Å få vitna på ymse måtar om at vår kristne tru er ei brukstru for vanlege folk. Om Jesus heitte det at syndarar og tollmenn heldt seg nær til han og lydde på han. Og det er målet for tenesta at flest mogleg av oss dagsens syndarar og tollmenn må få oppleva at det er godt å halda seg nær Jesus og lyda han.

A Gud, send ut ditt ord
Til all den vide jord
På gator og på strete,
Bjod folket inn til sæte!
Å, send deim bergingsordet,
Benk deim ved nådebordet!

Send bergingsboden ut
Til deim som sit i sut,
I fatigdom og blinda
Og kann kje vegen finna!
Lat kjærleiks-ljoset brisa
Og vegen heim deim visa!

I denne vide verd
Me ser ein heimlaus her
På vegar og ved gjerdi,
Å, send deim ljos på ferdi!
Snart myrkret inn deim hentar,
Og ingen heim deim ventar.

Din heim er rik på rom
For kvar og ein som kom.
Du varmt vil fagna alle
Som tek mot nådekallet,
Du alle inn vil beda
Til nattverdsfest og gleda.

(Nn. 366)

Med hjartans helsing til sokneprest og kyrkjelydar frå huslyden og meg.

Per Einar Sønnesyn.

Helsing frå Thailand

Margrete Kvamme frå Stamnes har sendt oss ei hyggeleg helsing frå Thailand som me gjerne tek med her i kyrkjebladet. Ho har vore med sonen og familien hans til Bangkok kor desse skal arbeida 1/2 år i I.C.E.M. ein organisasjon som driv flyktningehjelp for flyktningar frå Laos, Vietnam og Kambodsja. Brevet kom diverse for seint til juleutgåva av kyrkjebladet.

Kyrkjebladet for Vaksdal.

Idag skriv me 10. desember, og det er 14 dagar til jolafta. Det er litt vanskeleg å forstå for meg, for her i Bangkok er det meir enn full sumarvarme. Sola står høgt på himmelen her, lufta er varm og fuktig og gradestokken viser 32 varmegrader. Eg veit ikkje korleis me skal koma i den rette jolestemning i slikt ver. Men når eg tenkjer meg om så var det vel slikt ver første jolenatt på jord, med stjerner som blinka på ein fløyelsblå himmel og lun mørk, tropevarm natt? Det er berre så uvant for oss frosne nordmenn å sitja berrarma og berrfött og sveitta ein kveld i desember ute på verandaen. Men bodskapen som høyrer jola til er den same anten sola skin eller snøen fyk og det er det viktigaste.

Eg har møtt nokre av dei norske som arbeider her i Thailand, og blant dei er det misjonærar i Det Norske Misjonsselskap. Her har dei kyrkje, barnehage, bokhandelavdeling, eit lite medisinutsalg og systove. Alt i same huset. Og her forkynner dei evangeliet både for born og vaksne. Ei av misjonærane fortalte meg at eit par stykker av foreldra til dei borna som går i barnehagen tok borna heimatt

Julefest



Me ser her eit lite glimt frå Dale sundagsskule si julefest. Forsamlingshuset var fullsett og på biletet kan me sjå dei som var med og framførde juleevangeliet.

då dei forstod at det vart lært ein annan religion enn den dei har her. Men elles er buddismen svært tolerant overfor andre religionar. Dei tilber like gjerne ein indisk gud som Budda. Her er templer over alt, små og store, og i gatekryssa står statuar av gudar der folk knelar og bed med blomekransar og røykelse. Eg forstår ikkje at ein gud laga av menneskehender kan hjelpa dei, og det kan han no ikkje heller. Den opprinnelige buddismen var ei filosofisk lære. Den er det lite att av seiest det. No er det mest overtru og mystikk det går ut på. Munkar ser eg over alt i orange kappar og med tiggarpose. Dei er i alle aldrar. Ifylge thaiskikk skal alle buddistar frå dei er små gutter vera

minst 3 månader i kloster. Her er kvinnelege munkar og. Det er friviligt og er helst ungdom som ikkje kan finna seg tilrette i samfunnet. Dei har kvite kappar og alle, både kvinner og menn er barbert på hovudet.

Bangkok har 6 mill. innbyggjarar og byen er spreidd over ei enorm slette så ein merkar ikkje at her bur så mykje folk. Det er meir folk å sjå i gatene i Bergen og Oslo enn her.

Og som før sagt så skin sola dag etter dag, veke etter veke, og eg tykkjer ofte det hadde vore godt med litt av vestlandsregnet. Men me har iallefall fått ein fin brunfarge, og me har det berre bra.

Dette er ei lita helsing til folket i Vaksdal kommune. Margrete Kvamme



„Vann og brød”

„Vann og brød” er et stående uttrykk som beskriver kostholdet i norske fengsler før i tiden. Heldigvis er den tiden forbi? ... i vår del av verden! Men for millioner av medmennesker i den 3. verden ville fast tilgang på vann og brød bli mottatt med den aller største takknemlighet.

Vi lever i en delt verden der noen av oss er rike, mens de fleste er fattige på så grunnleggende ting som rent vann og næringsrik kost. Men verden er ikke mer delt enn at det er en klode der vi alle er avhengige av hverandre, for den kaffe som vi hver dag drikker og er avhengige av, produseres av fattige bønder for en lønn vi selv ikke ville ha arbeidet for! Når så tørke, jordskjelv, flom, krig osv. rammer allerede fattige samfunn i den 3. verden, blir da følgene lett katastrofale som i Bangladesh, India og Afghanistan.

Som mennesker har vi et ansvar for å hjelpe medmennesker som lider nød. Vi skal også arbeide for en mer rettferdig fordeling av Jordens ressurser. Utfordringen til oss er å åpne oss for den virkelighet som vår neste i den 3. verden lever i, og erkjenner at mange av de goder vi selv har og tar selvfølgelig, ikke lenger er selvfølgelige i en verden som deler rettferdig. Denne erkjennelsen må bli en del av vår hverdag. Vi må rett og slett begynne å snakke om det i familien, blant venner, i boretslaget, i kommunestyret, i menigheten vår. Sammen må vi lete oss fram til handlinger som realiserer en solidaritet med medmennesker i den 3. verden.

Under dette perspektivet inviterer vi også i år mennesker i Norge til å delta i fasteaksjonen «BRØD FOR VERDEN». Gjennom fasteaksjonen ønsker vi to ting. Vi ønsker å samle inn midler til Kirkens Nødhjelps hjelpearbeid. Derfor fins nå fastebøssen «Brød for verden» i alle kirker og i mange hjem. Skaff deg en fastebøsse og bruk den hver dag gjennom fastetiden. Dessuten ønsker vi at fasteaksjonen kan være en impuls for mennesker til å engasjere seg i vårtids kanskje største problem som er at mens de rike land stadig blir rikere, blir de fattige land stadig fattigere. Kirkens Nødhjelp er en humanitær hjelpeorganisasjon som gjennom katastrofeinnsats, flyktningearbeid og langsiktige utviklingsprogrammer formidler hjelp til enkeltmennesker i den 3. verden. Takket være bidrag fra enkeltmennesker i Norge, kunne vi i løpet av 1980 formidle hjelp til over 300.000 afghanistanske flyktninger i Pakistan. Denne hjelpen vil også

fortsette i 1981. Siden 1975 har vi gjennom forskjellige vannboringsprosjekter skaffet rent vann til over 3,5 mill. mennesker i India, Sudan og Etiopia. Fordi ca. 70 % av befolkningen i U-landene mangler tilstrekkelig tilgang på rent vann, ønsker vi i 1981 å utvide denne virksomheten.

Ein million bibelbøker

Sundag 15. februar i år vert kalla «Såmannssundagen». Betre dag kan ein ikkje finna til å halda BIBELDAGEN 1981 på. For det som skal verta sádd, er Guds ord. Bibeldagen skal minna oss om at vi skal vera med i dette såmannsarbeidet.

Bibeldagen vert halden over heile landet. Eit føremål med dagen er å gje eit handslag til bibelarbeidet i land der tilhøva er særskilte vanskelege. Oppgåva for 1981 er så stor at ein berre kan få løyst henne ved eit felles løft:

Ein million testamente og bibeldelar til Bolivia, Brasil og Paraguay.

Over heile Sør-Amerika spør folk etter Bibelen som aldri før. Bibelskapen gjer det dei kan for å skaffa biblar. Men det rekk ikkje langt nok. Ein vantar pengar. Folk som tener eit par tusen kroner i året, har ikkje råd til å kjøpa ein bibel til vanleg pris. Bibelskapen i Bolivia, Brasil og Paraguay må selja biblar og testamente så billeg at dei taper pengar på kvar bok. Dess meir dei sel, dess større vert underskotet.

Det er her norske kyrkjelydar kjem inn i biletet. Pengar som vert samla inn på Bibeldagen 1981, skal gje store og små bibelbøker så billegg at

vanlege menneske kan kjøpa dei. Ein million bøker og hefte kan gje gagnsverk i tre latin-amerikanske land, der «nye lesarar» i milliontal berre ventar på «godt nytt».

BIBELEN — OPEN FOR ALLE

Utsendingar frå bibelskapen over heile verda var samla hausten 1980 for å leggja sams planar for arbeidet i 80-åra. Då møtet slutta, var målet klårt:

Guds ord — ope for alle!

Mindre kan ikkje målet vera, for Jesus gav påbod om å gå ut til alle folkeslag. Difor må Bibelen koma fram til kvart menneske.

Det Norske Bibelskap tek sin del av ansvaret. Kvart år samlar ein inn nærmare tre millionar kroner i Noreg til bibelmission i andre land. Difor kan norske kyrkjelydar og bibelvener gjera det mogleg å prenta tusentals biblar på kinesisk, skaffa bibelpapir til Aust-Europa, kjøpa ein bibelbil til Zaire — eller hjelpe til med ein million testamente og bibeldelar til tre latin-amerikanske land, som er målet for Bibeldagen 1981.

Eller norsk bibelmission kan gje stønad til bibelomsetjing til eit stamme-språk i Afrika. For skal Bibelen vera open for alle, må den vera omsett! 1685 språk har no ei omsetjing av minst eit av skrifter i Bibelen. Heile Bibelen kan ein lesa på 273 språk, og nytestamentet på endå 472 språk. Framleis er det mange språk og dialektar som ikkje har bibelomsetjing, og målet for 80-åra er at alle noko-lunde store språk skal ha ei god og lettest omsetjing.

Bibelen stadig på topp

Den boka som vert omsett til flest

språk i verda, er stadig Bibelen. Det kan ein sjå i UNESCO-statistikken.

Siste utgåva av UNESCO-katalogen over nye omsetjingar gjer ikkje krav på fullstendig oversikt over nyomsetjingar, men gjev eit godt bilet av tilhøvet i toppen av internasjonalt vidspredd litteratur.

I katalogen kan ein sjå at 30 land fekk ny bibelomsetjing. Same året kom Shakespeare i omsetjing i 29 land, medan Marx og Dostojevski både vart registrert i 26 land.

Katalogen har teke med 13 forfatarar som vart omsett i 20 land eller meir.

ÅTTE MINUTT OM DAGEN

Gjennomsnittsnordmannen nyttar åtte minutt om dagen til boklesing, synter ei meiningsmåling.

Ein kan tru kva ein vil om slike undersøkingar. Resultatet er i alle høve tankevekkjande, særleg om ein jamfører med eit anna resultat: Det same gjennomsnittsmennesket sit dagleg ein og ein kvart time framfor fjernsynet.

Før i tida kalla ein alvorleg kristne for «lésarar». Ein kunne ynskja at namnet framleis vart nytt som eit heidersnamn for kristne. Bibellesing gjev dagleg mat for kristenlivet.

Ein kan saktens trengja god og solid næring. Som ei prøve kunne ein sjå om det ikkje vart litt ut av dei gjennomsnittlege åtte minutta, om ein nyttar dei til bibellesing.

Medan klokka tek til å tikka, blar vi opp i Johannes 10 og les. (Eg er døra» og «Den gode hyrdingen» — noterar at to minutt er brukt — held fram i Lukas 8, les heile Såmannslukninga — to minutt der og — slår

opp i Romarane 8, les jamt og roleg om «Livet i Anden» fram til vers 17 — to og eit halvt minutt — og får endå tid til å lesa 1. Johannes brev, fyrste kapitlet, før dei åtte minutta er gått.

Åtte minutt om dagen — kvar dag! — kan vera ein god start, for det kan føra til at ein vert ein «lesar» før ein veit av det!

ET NYTT ÅR

Mel.: Bred dinavida vingar,
(Folketone frå Skåne).

*Et nytt år vi inn ringer
omkring de tusen hjem.
Med håp og tro oss bringer
den tiden lenger frem.
Men fra den høye himmel
det kommer sendebud
til verdens folkevrimmel
en gav ifra Gud.*

*Og kvelden sakte siger
ned i den mørke natt.
Men gryende det stiger.
fra alt vi har forlatt.
Når morgensol opprinder
det lysner i fra sky
og dagen sammen binder
oss om hver bygd og by.*

*A, om vi kunde leve
rettferdig hand i hand,
for frihet i all øve
og fred i alle land.
Av jordens rike grøde
vi høster inn, og sår.
Da kan vi dele brødet
vi av vår Fader får.*

A. Jensen



OF-formann ANFIN SKAAHEIM:

*Ikke nok å gi,
vi må begynne å ofre*

heim, som til daglig er generalsekretær i Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag. Den er en av flere kristne organisasjoner som denne vinteren sliter med meget stor underbalanse på årsbudsjettet.

— Kristenfolket er jo kjent for sin gavmildhet. Mener du virkelig at de ikke gir nok?

— Ut fra et landsgjennomsnitt gir kristne mennesker mye, men det er ikke målestokken. Vi er satt inn i verden for å tjene Gud og hans rike. Det oppfatter de fleste kristne rett nok som at vi skal gi Ham vårt liv i yrke og fritid, men det er underlig hvor få som forbinder sin viktigste tjeneste med noe så håndfast som penger. Guds ord sier en hel del om det ansvar vi har for å forvalte våre midler i kampen for evangeliets utbredelse inntil Herren selv kommer igjen.

— Men det kristne arbeid har opplevd sterkt økning i gaveinntektene de siste årene. Tyder ikke det på givergleden?

— Jo, gavene har økt og mye nytt og livskraftig arbeid er av den grunn kommet i gang. Men det har skjedd i skyggen av den generelle velstandsøkningen. Det har ikke vært nødvendig å forkynne at kristne må ofre. Derfor er mangelen på offersinn heller ikke blitt avdekket. Men nå må det offer til om vi skal kunne holde arbeidet i gang.

— Det frivillige kristne arbeid er kommet til et kritis punkt. Stadige appeller om å gi synes ikke lenger å være nok til å få bort organisasjonenes underskudd. Det er ikke tilstrekkelig å rope enda høyere og mer oppfinnsomt enn før. En må spørre om tendensen til trangere økonomiske tider har fått kristenfolket til å skjære ned på gavene til kristent arbeid. Det er i hvert fall vanskelig å se hvordan nedtrapping av virksomheten kan unngås hvis ikke kristenfolket får et annet perspektiv over sin givertjeneste.

Formannen i Organisasjonenes Fellesråd, Anfin Skaaheim, som sier dette, mener at de fleste hittil har gitt av sin overflod. Nå er tiden inne til å trappe ned på forbruket for å kunne begynne å ofre, sier han.

— Det står ikke på villige folk til å reise ut som misjonærer og vi skulle ha støttet så mange flere evangeliseringstiltak i misjonslandene. Her hjemme trenges det mange flere sekretærer til å hjelpe barn og ungdom til åndelig liv og vekst, sier Anfin Skaa-

— Vil du innføre «tienden» igjen — at alle gir 10 prosent av det de disponerer?

— Det kan bli en sovepute. Låser en seg til en bestemt prosentsats, slår en seg til ro med at resten er «mitt».

— Du mener gavmildhet ikke er nok, men at forsakelse må til?

— Ja, for at Guds rike kan vokse. Det blir ikke forsakelse før vi er villig til å la være å anskaffe oss ting for å ha mer å gi.

— Noen gir heller til nødhjelp enn misjon?

— Vi har midler nok til å gi til begge deler. Kristne er vant til å gi. Derfor er det ikke så rart at gavetallene under humanitære innsamlingsaksjoner også er høyest i de strøk av landet der det er mange bekjennende kristne. Men bare kristne ser behovet for å gi til evangeliserende arbeid. Derfor må de også prioritere dette.

— Vet vi at pengene blir brukt på beste måte når vi gir til kristent arbeid?

— Ja, kristne organisasjoner er nøyde med hva de bruker penger på. Det reageres meget raskt på antydninger til raushet. Selvsagt kan det være forskjellig syn på hvordan midlene skal prioriteres, men jeg tror ikke på noen annen måte å forvalte midlene på enn det skjer i dag — gjennom ansvarlige valgte folk i organisasjonene.

Generalsekretær Skaaheim har til slutt lyst til å minne om at ingen hit til er blitt fattig av å gi.

— Tvert imot får en et fattigere kristenliv ved ikke å gi til Guds rike. Hvem har ikke følt tomheten når en har karret til seg selv i stedet

for å dele med andre. Mange er også de som har kjent den gjennomstrømmende gleden ved å gi så det kjennes. Å ofre er en kilde til åndelig vekst, sier Skaaheim.

— Hvordan ser du på utsiktene for student- og skolelagsarbeidet i denne økonomiske situasjon?

— Jeg har inntrykk av at svært mange skjønner behovet for dette arbeidet blant studenter og skoleungdom. Gjennom våre 560 skolelag når vi langt ut og har store muligheter for å drive et evangeliserende arbeid i disse miljøene. Sett på den bakgrunn, tror jeg det er mulig å nå ut med en appell om støtte som setter oss i stand til å fortsette arbeidet slik vi nå gjør.

Avskjed

Vi kjører en times tid gjennom skog, forbi landsbyer. Til sist er vi fremme i hjembyen til en av våre pasienter. En vanlig landsby. Jordhyttene ligger der side om side, og folket er opptatt hver med sitt: Kveldsrisen skal støtes og renses, vann må bæres, og en tur i skogen for å finne ved er også nødvendig. Barna springer omkring her som andre steder, glad og fornøyd. Et fredelig sted ennå ikke ødelagt av vestens kultur og den moderne tids mas og jag. En kunne fristes til å ville slå seg til en tid for å nyte freden og idyllen — en idyll som også misjonærerne er blitt beskyldt for å ha vært med å ødelegge.

Men vi skulle få oppleve en annen side ved dette idylliske landsbysamfunnet. Vårt ærend var å besøke familien til en av pasientene våre. Hun

trenger ikke være på Bekoaka for sin spedalskhets skyld, og plassen trenges av andre. Hun har reist hjem flere ganger, men har hver gang kommet tilbake etter en måneds tid — skitten og vanstelt. Så skulle vi altså hjem til familien hennes for å spørre om de ville ta seg av henne eller om hun kunne få flytte til Mangarano — der har de bedre plass til slike enn her hos oss, — noe som i praksis betyr at de sannsynligvis aldri kommer til å se henne igjen.

Svaret var nokså kaldt og hjerteøst: «Vi har overlatt henne til dere, enten hun lever eller dør kan dere ha henne, dere kan begrave henne, og vil dere flytte henne til Mangarano har vi ingenting å si til det».

Hun er ikke førti år ennå denne pasienten vår, men er mentalt tilbakestående og avhengig av andres hjelp og støtte, noe familien altså ikke var villig til å gi.

Var «velkomsten» kjølig var ikke avskjeden noe bedre. Ordene var saktenes fine nok, men hun merket nok godt at kjærligheten bak manglet.

Det var vemodig å være vitne til en slik avskjed, og ikke minst da hun strøk sin tiårsgamle datter over kinnet, vel vitende om at det sannsynligvis var for siste gang.

Idyllisk landsbysamfunn? Den tapte iallefall noe av sin glans etter dette.

*Liv Kari Nesland
(NMS-misjonær i Madagaskar)*

KYRKJEOFRINGAR 1980

| | | |
|-------------|-------|---------|
| Bergsdalen | 6497 | (4122) |
| Dale: | 26100 | (29427) |
| Vaksdal: | 28679 | (23903) |
| Bergsdalen: | 6497 | (4122) |
| Stamnes: | 18860 | (15522) |
| Eidsland: | 4739 | (5361) |
| Flatekval: | 6123 | (5361) |
| Nesheim: | 5817 | (5576) |
| Tilsaman: | 96818 | (88625) |

Tala er gjeve i heile kroner

KONTORTID PÅ PRESTEKONTORA

| | |
|----------|---------------------|
| Dale: | onsdag 10.00—12.00 |
| | fredag 16.30—18.00 |
| Vaksdal: | torsdag 10.00—12.00 |

(i tida fram til 1. mars fra 11.30—13.00)

Hausvik og Faugstad % Vaksdal

Telefon 39 72 13

Dale Fabrikkutsalg

| |
|--------------------------|
| 5280 Dalekvam |
| Tlf. Dalekvam 39 61 61 |
| Tekstilvarer — Sengetøy |
| Bomull og ull metervarer |
| Strikkejakker og gensere |

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

Ekspedisjonstider ved våre kontor:

| | | |
|---------------------|-------|-------|
| DALE, tlf. 396321 | Fra | Til |
| Måndag, tysdag, | | |
| onsdag og fredag .. | 08.30 | 15.00 |
| Torsdag | 10.00 | 17.30 |

| | | |
|----------------------|-------|-------|
| VAKSDAL, tlf. 397215 | | |
| Tysdag, onsdag | | |
| og fredag | 08.30 | 15.00 |
| Torsdag | 10.00 | 17.00 |

| | | |
|----------------------|-------|-------|
| STAMNES, tlf. 398015 | | |
| Måndag | 09.30 | 14.30 |

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

Dale Handelsforening

Dalekvam

**TOMAS UTSKOTTS
SKOFORRETNING**

Dalekvam

**Vaksdal koop. Handelslag
V A K S D A L**

Tlf.: Kontor 39 71 12 — Snarkjøp 39 71 10

Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN %

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

R A D I O — T V
Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN %

Dalekvam
Tlf. 39 61 58

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam
Tlf. 39 62 23

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

**Arthur og Arne Vaksdal
KVIKKBAR**

Dalekvam
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

Litt kyrkjestatistikk 1980

| | Dale/ Bergsdalen | Vaksdal | Stamnes/ Eidsland | Flatekval/ Nesheim | Tilsaman |
|-------------|---------------------|-----------|----------------------|-----------------------|-------------|
| Fødde | 22 (33) | 12 (7) | 9 (13) | 2 (3) | 45 (56) |
| Døypte | 29 (31) | 14 (11) | 14 (16) | 2 (3) | 59 (61) |
| Konfirmerte | 43 (36) | 17 (17) | 13 (16) | 3 (6) | 76 (75) |
| Vigde | 6 (11) | 1 (6) | 5 (3) | 1 (0) | 13 (20) |
| Jordfeste | 23 (22) | 10 (10) | 10 (9) | 1 (3) | 44 (44) |
| Nattverd | 488 (548) | 422 (459) | 272 (458) | 281 (206) | 1463 (1671) |
| Innmeld | 1 (0) | — | — | — | 1 (0) |
| Utmeld | 2 (1) | 3 (2) | 1 (0) | 0 (0) | 6 (3) |

Minneoppgåve for eldre

Eldre folk sit inne med mange verdifulle minne fra barndom, ungdom og voksen alder. Desse minna om tilhøve før i tida er det viktig å ta vare på. I desse dagar blir det arrangert ein aksjon for å få folk som er fødde i 1914 eller tidlegare til å skrive ned minne frå livet sitt. For omlag 10 år sidan gjennomførte Nasjonalforeningen for folkehelsen ein liknande aksjon. Denne gongen vart det samla inn utrulig mykje interessant stoff. Ein del av dette vart prenta i bokserien «I manns minne», ein kulturhistorie med stort kjeldeverd. Det er Landslaget for bygde- og byhistorie og Nasjonalforeningen for folkehelsen som står bak aksjonén. Dei har vendt seg til alle fylkeskulturstyra i landet, og desse här så nemint opp komitéar som skal ta seg av arbeidet i kvart fylke.

Hovudkomitéen har laga ein faldar med alle opplysningar om aksjonén, meint for dei som vil skriva ned sine livsminne.

For interesserte ta kontakt med sekretæren i Vaksdal kulturstyre Kari Blåflat for nærmere opplysningar.

BARNESKISKOLE

Ungdomsheimen, Kvamskogen

For barn i alderen 6—7 år, blir følgende kurs arrangert. 1) 19—24. jan. 2) 25—30. jan. 3) 1—5. febr. 4) 9—14. febr. 5) 16—21. febr. for mor/far og barn. 6) 7—8. febr. Skiskolefamiliehelg. Pris for kurs 3: kr. 395,—; for skiskolefamiliehelgen,: kr. 110,— for de øvrige kurs: kr. 475,—.

Om dagen boltrer barna seg ute på ski under betryggende ledelse, om kvelden: festlig innekos med børnetime, lek, dukketeater, sang og musikk.

Brosjyre sendes ved henvendelse til:

UNGDOMSHEIMEN
5667 Kvernavollen, tlf. 055-58940

Solveig og Egil Grønner,
Ragne og Rolf Sommerseth.

KONFIRMASJONANE

Dale kyrkje 3. mai
Vaksdal kyrkje 3. mai
Stamnes kyrkje 10. mai
Eidsland kyrkje 10. mai
Nesheim kyrkje 31. mai
Bergsdalen kyrkje 31. mai

Frå kyrkjebøkene

DØYPT

DALE:

Ragnhild Fosse, døypt 26.10.80.
 Benedicte Katrin Grenasberg, døypt
 9.11.80.
 Stine Langhelle Sellevold, døypt 30.
 11.80.
 Lillian Mari Breidvik, døypt 30.11.80.
 Helene Brekke, døypt 25.12.80.
 Andreas Jacobsen, døypt 25.12.80.
 Helge Simmenes, døypt 4.1.81.

BERGSDALEN:

Andreas Hernes, døypt 26.12.80.

VAKSDAL:

Raymond Olav Reite, døypt 2.11.80.
 Esther Birgitte Audestad, døypt 30.11.
 80.

Yvonne Therese Knutsen, døypt 14.12.
 80.

EIDSLAND:

Tommy Simmenes, døypt 14.12.80.
 Siv Katrine Carlsen, døypt 14.12.80.

STAMNES:

Nina Merete Toskedal

FLATEKVAL:

Lars Ørjan Nese, døypt 26.12.80.

VIGDE

DALE:

Arne Kjell Vik og Rita Langeland,
 vigde 8.11.80.

Svein Kåre Ås og Randi Møster, vig-
 de 15.11.80.

DØDE

DALE:

Sølvfest Hop, død 14.11.80. (f. 1939).
 Håkon Hilland, død 21.11.80. (f. 1906).

Florry Nilsen Kvamme, død 18.11.80.
 (f. 1909).

Halfdan Breistein, død 28.11.80. (f.
 1890).

Berta Samuelsen, død 3.12.80. (f. 1888)

Sigurd Martin Fossmark, død 31.12.80.
 (f. 1904)

Adele Torvik, død 4.1.81. (f. 1901),
 gravlagd i Tørvikbygd.

BERGSDALEN:

Anton Lid, død 2.1.81. (f. 1908).

STAMNES:

Knut Mellesdal, død 3.11.80 (f. 1894).
 Bjarne Ulevik, død 8.12.80. (f. 1910).

Batrine Helene Grøsvik, død 30.12.80.
 (f. 1903).

Velkommen til kyrkje

8. febr., *Vingardssøn*. (Matt. 20.1-16)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Familiegudsteneste. Song og musikk av born. Dåp. Offer. Soknemøte etterpå. Stamnes kyrkje kl. 11.00. Prost Fjose. Familiegudsteneste. Song og musikk av born. Offer.

15. febr., *Sdmannssøn*. (1. Kor. 1.20-25)

Dale kyrkje kl. 17.00. Familiegudsteneste. Sokneprest Steinnes. Born vert med. Offer. Eidsland kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes.

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Prost Fjose. Offer.

22. febr., *Kr.forklaringsøn*. (Matt. 17.1-9)

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Prost Fjose.

Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Prost Fjose. Nattverd.

1. mars, *Fastelavns-sundag*. (Luk. 18.31-43)

Dale kyrkje kl. 11.00. Vikar. Nattverd.

8. mars, 1. sundag i faste. (Matt. 4.1-11)

Dale kyrkje kl. 11.00. Visitasgudsteneste. Biskop With, prost Østtvit, sokneprest Steinnes. Kyrkjekaffi.

15. mars, 2. sundag i faste. (Matt. 15.21-28)

Dale kyrkje kl. 11.00. Vikar.

22. mars, *Maria bodskapsd*. (1. Sam. 2.1-10)

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Vikar.

Stamnes kyrkje kl. 17.00. Sokneprest Steinnes.